



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
29.02.2016  
Dykkar dato  
06.01.2016

Vår referanse  
2016/309 331.1  
Dykkar referanse

Lindås kommune,  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 ISDALSTØ

### LINDÅS KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2016 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 17. desember 2015.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til auke i skatteøyret for kommunane frå 11,35 prosent i 2015 til 11,8 prosent i 2016.

#### Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr. 393.122.000,- i skatt på eige og inntekt for 2016.

I 2015 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 6,0 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 også med 6,0 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2015 var 92,0 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2016 tilsvarende 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2016 tilsvarende 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarende 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 798,4 mill.

Inntektsprognosene for 2016 er no oppdatert med førebelse innbyggjartal per 01.01.2016 og innkomen skatt i 2015. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2016. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2015.

Dei budsjetterte frie inntektene er ikkje for høge samanlikna med den siste inntektsprognosene.

### **Eigedomsskatt**

Det er budsjettet med om lag kr. 161,87 mill. i eigedomsskatt for 2016. Innkomen eigedomsskatt i 2015 var kr. 158,4 mill. Dei budsjetterte inntektene er realistiske i lys av noverande inntektsprognose.

Eigedomsskatten for 2016 er vedteken med sju promille på verk og bruk.

I økonomiplanperioden er det for dei neste åra lagt til grunn ein reduksjon i realverdien av eigedomsskatteinntektene, som følgje av den generelle prisveksten. For at realverdien av inntektene skal auka må sjølve takstgrunnlaget bli auka.

Det vil vere uvisse knytt til dei høge eigedomsskatteinntektene på noko lengre sikt.

### **Generelle statstilskot**

Det er inntektsført andre generelle statstilskot med kr. 22,0 mill. Det består av introduksjonsstilskot for flyktningar (kr. 16,3 mill.), kompensasjonstilskot (kr. 5,0 mill.) og andre statlege overføringer (kr. 722.000,-).

### **Utbytte**

Utbytte frå BKK vart halvert frå 2014 til 2015. Utbytte frå BKK var kr. 7,8 mill. i 2015 og det er vidareført i budsjettet for 2016 med kr. 7,8 mill. ( 1,95 prosent av kr. 400 mill.).

### **Pris og kostnadsvekst**

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,7 prosent. I det inngår pårekna lønsvekst også med 2,7 prosent.

### **Avdrag**

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstige den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3,5 - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettet med kr. 38.246.000,- i ordinære avdrag utanom avdrag på formidlingslån. Budsjetterte avdrag oppfyller det tilrådde minstenivået.

## **Driftsresultat**

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndekning av underskot ).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmere det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet er om lag kr. 42,6 mill. Det er budsjettet til netto avsetjing (kr. 11,2 mill.) og til driftsfinansiering av investeringar (kr. 31,4 mill.).

Kommunane er i tidlegare år tilrådd å ha eit netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene på minst tre prosent, basert på prinsippet om formuebevaring. Momskompensasjon frå investeringar har til og med 2013 vore inntektsført i driftsrekneskapen. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen frå investeringar i staden inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

På denne bakgrunn reduserte Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi i sin rapport frå november 2014 det tilrådde nivået for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, frå 3 prosent til  $1\frac{3}{4}$  prosent for kommunane generelt. ( For fylkeskommunane er det tilrådd eit høgare nivå som følgje av ansvar for tidlegare riksvegar).

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn  $1\frac{3}{4}$  prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Netto driftsoverskot i førebels rekneshap for 2015 er kr. 36,7 mill. Det er nytta til netto avsetjing (kr. 17,1 mill.). Mindreforbruk i førebels årsrekneskap for 2015 blir etter netto avsetjing om lag kr. 19,6 mill.

Det er viktig at kommunen har eit høgt netto driftsoverskot på bakgrunn av dei store eige-domsskatteinntektene. Ein stor del av egedomsskatteinntektene er blitt nytta i den ordinære drifta av kommunen. Kommunen har no frigjort ein noko høgare del av desse inntektene til investeringar. Det vil vere uvisse knytt til framtidige egedomsskatteinntekter. Kommunen må difor unngå å vere for avhengig av desse inntektene i den ordinære drifta.

Netto driftsoverskot bør nyttast til avsetjing fond og til eigenfinansiering av investeringar.

## **Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**

I 2016 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 189,6 mill. Dei største investeringane i år er i Leiknes skule, bufellesskap og bustader for personar som har utfordringar knytte til rus og psykiatri. Investeringar innan vatn og avlaup utgjer kr.  $57\frac{1}{2}$  mill. av dei samla investeringane.

Dei sjølvfinansierande investeringane innan vatn og avlaup blir lånefinansierte fullt ut, det vil seie med lån kr. 57,5 mill. Andre generelle investeringar for i år er planlagt finansierte utan lån. Dei vil bli finansierte med bruk av netto driftsoverskot, momskompensasjon og fondsmidlar.

I tillegg kjem låneopptak til vidareutlån med kr. 30,0 mill.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2014 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr. 69.840,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 74.000,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2014 var kr. 65.503,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2015 er rekna til om lag kr. 1,1 mrd., eller kr. 71.950,- per innbyggjar. Av denne gjelda utgjer formidlingslån kr. 235,5 mill., eller om lag kr. 15.300,- per innbyggjar. Lånegjelda blei redusert i 2015.

I 2016 blir det ikkje teke opp lån til ordinære investeringar. Lån i år er avgrensa til sjølv-finansierande investeringar innan vatn og avlaup, samt formidlingslån frå Husbanken til vidareutlån. I dei neste åra i økonomiplanperioden, 2017 - 2019, er det planlagt låneopptak også til ordinære investeringar.

Det er viktig at kommunen i dei komande åra i stor grad nyttar eigedomsskatteinntektene til finansiering av investeringar. Låneoptaka bør vere på eit moderat nivå over tid for å unngå at kommunen sitt gjeldsnivå blir for høgt.

Kommunen sitt relativt høge gjeldsnivå gjer at kommunen er sårbar for ein framtidig auke i rentenivået. Noverande låge rentenivå er berre mellombels og er ikkje eit normalt nivå over tid. Kommunen må difor vere førebudd på ein framtidig auke i rentenivået.

### **Oppsummering**

Det er viktig at kommunen har eit høgt netto driftsoverskot på bakgrunn av dei store eige-domsskatteinntektene. Ein stor del av eigedomsskatteinntektene er blitt nytta i den ordinære drifta av kommunen. Kommunen må unngå å vere for avhengig av eigedomsskatteinntektene i den ordinære drifta.

Låneoptaka bør vere på eit moderat nivå over tid for å unngå at kommunen sitt gjeldsnivå blir for høgt, jf. overande mellombelse låge rentenivå.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift*

Gjenpart :

Deloitte, Postboks 89, 5902 Isdalstø  
Sekretariatsleiar for Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø